

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 02.01.2011
 Frå: **Administrerende direktør**
 Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 15.11.10 - 31.12.10**

**Administrerende direktør si orientering pkt 5
 Styresak 003/11 O**

Styremøte 12.01. 2011

Oversikt over aktuelle nye lover og lovendingar i perioden 15.11.10 – 31.12.10

Lov	Dato for kunngjering	Kva lover/endingar gjeld
Folketrygdlova		Ny § 5-24 a i folketrygdlova og forskrift 22. november 2010 nr. 1466 om stønad til helsetenester mottatt i eit anna EØS-land trer i kraft frå 1. januar 2011. Reglane dannar grunnlag for ein ny refusjonsordning for helsetenester motteke i andre EØS-land. Ordninga gjeld i hovudsak helsehjelp utanfor sjukehus, men kva slags tenester som blir dekkja, er nærare regulert i forskrifta. Det blir berre gitt refusjon dersom helsehjelpen ville blitt dekkja av det offentlege i Noreg, og i utgangspunktet på same vilkår.

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 15.11.10 – 31.12.10

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endingar gjeld
Forskrift om godkjenning av sjukehus		Det er gjort endringar i forskrift om godkjenning av sjukehus og om landsfunksjonar og nasjonale medisinske kompetansesenterfunksjonar ved sjukehus som trer i kraft 1. januar 2011. Forskrifta har fått ny nemning og heiter nå <i>forskrift om godkjenning av sykehus, bruk av betegnelsen universitetssykehus og nasjonale tjenester i spesialisthelsetjenesten</i> . Det er ikkje gjort endringar i dei føresegnene som gjeld godkjenning av sjukehus. Det er gitt nye føresegner som set vilkår for å kunne nytte nemninga universitetssjukehus.
Forskrift om strålevern		Ny og revidert forskrift om strålevern og bruk av stråling – dei viktigaste endringane som trer i kraft frå 1.1.2011, er strengare føresegner om medisinsk strålebruk og godkjenning av bruk og av å ha visse typar laserpeikarar.
Forskrift om nasjonalt		Endring i forskrift om Nasjonalt vaksinasjonsregister (Sysvak-forskriften) – meldeplikt til Folkehelseinstituttets

vaksinasjonsregister		vaksinasjonsregister for sesonginfluensavaksinering, pneumokokkvaksinering, reisevaksinering m.v., dersom den vaksinerte sjølv samtykker til slik registrering.
Forskrift om omsetning av visse reseptfrie legemiddel		Endring i forskrift om omsetning av visse reseptfrie legemiddel utanom apotek – Statens legemiddelverk gis fullmakt til etter bestemte kriteria å fastsette liste over legemiddel som skal omsettast i sjølvval, og at tradisjonelle plantebaserte legemiddel blir sidestilt med legemiddel i forhold til omsetning utanom apotek.
Endring i tak på eigenandel		Tak på eigenandeldel 1 aukar om lag med prisjusteringa frå kr 1.840,- til kr 1.880,- frå 1. januar 2011. Dette gjeld undersøking og behandling hos lege, psykolog, i poliklinikk, i laboratoriar og i røntgeninstitut, viktige legemiddel og medisinsk forbruksmateriell på blå resept samt pasienttransport.

Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 15.11.10 – 31.12.10

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Oppdragsdokument 2010. Tilleggsdokument etter Stortinget si behandling av Prop. 1 S (2010-2011) Tilskot til oppdrag.	14.12.10	<p>Departementet har gitt Helse Vest RHF ved Helse Stavanger HF og Regionalt kompetansesenter for rusmiddelforskning (KORFOR) tre oppdrag som inngår i arbeidet med ein ny stortingsmelding om ruspolitikken som er varsla i løpet av 2011.</p> <p>Helse Vest har i brev av 22.12.10 til Helse Stavanger ved KORFOR bedt om at helseføretaket sørgjer for å gjennomføre dei aktuelle oppdraga. Departementet har stilt til disposisjon til formålet til saman kroner 1 400 000,- over kap. 763 post 21.</p>
Oppdragsdokument 2011.	23.12.10	Sjå eiga styresak til styremøte 12. januar 2011.